



Nissen har alltid vore med på grantenninga, også i 1977. Kven var nissen, tru?

Fredag kl.17 vert julegrana i Uskedalen tend for 52. gong. Årvisst har denne tenninga sett oss i julestemning frå 1963. Arrangementet har skifta i forma, men det er utenkjeleg at grana kan vera utan lys i førjulstida. Det kan nok ikkje skje! Til det er denne tradisjonen for viktig og fasttømra i bygdekulturen.

Den første tida vart Grano tent om ettermiddagen på skitnesøndag. Tenninga har alltid skjedd til korpsmusikk. Første åra var Uskedal gutemusikk med og spelte juletonar. Seinare har Skulemusikken vore med å spela i periodar. Uskedal Musikklag har derimot spela ved alle tenningane. Nissen har også vore med i alle år. I mange år var det dei 3 daglegvarebutikkane som ordna med både nisse og pakkar til borna. Oppgåva gjekk på omgong mellom Jacobine Haugland Eff., Nilsen Handel(no Spar) og Uskedal Samyrkjelag. Det var mange koselege nissar. Eg meiner å hugse både Leohnard Eik, Harald Nilsen og Solveig Haugland Olsson. Det var nok mange fleire. Er det nokon som kan hjelpe oss med namn? Frå starten i 1963 og fram mot 1980 vart julegrantenninga etterfulgt av julekonserten i kyrkja.

Etter dette var det ein periode der tenninga vart etterfulgt av eit førjulsprogram i Helgheim. Då var det program med scenekunst og julemusikk, opplesing og anna høvande program. Loddsalget gjekk lett, og servering vanta det heller ikkje på. Dette var svært populært og det var alltid smekktfullt både i salen og på galleriet.

Seinare hadde vi nokre få år der tenninga vart lagt inn i eit fakkeltog frå skulen og til kyrkja. I kyrkja var det så skulegudteneste. Dette skjedde ein kvardagskveld, og det var rundt 1999/2000.

Etter dette kom Damevennene på banen, og arrangementet har gått etter same leist som no. Musikklaget har som alltid hatt ansvar for tenninga og musikken, medan Damevennene har stått for resten av arrangementet. Dei seinare åra har Børsdalsnissen vore fast innslag. Sjølv trur han at han har vore med 15-20 år. Eg meiner han har vore med endå lenger. No er ei grantenning utan Børsdalsnissen mest utenkjeleg!



Frå julegrantenninga i 1977.

Det er ein stolt tradisjon som vert ført vidare når Julagrano vert tend fredag kveld kl.17. Bileta i denne artikkelen er tekne av Harald Sætre i 1977. Eg vil tru andre og har gode bilete frå tidlege tenningsarrangement. Vi er takksame om de kan senda dei til oss. Kjekt er det òg om de kan senda opplysningar og historiar knytta til dette tradisjonsarrangementet. Både dette og bilete kan de sende til thordossland@gmail.com.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Harald Sætre